

## Mindre skadeverk etter stormen URD.

27.12.2016



Ein uteliggjar er knekt og seglbåten t.v. fekk hard medfart i båthamna i går.

Det er så langt vi kjenner til ikkje gjort store og omfattande skade etter stormen URD 2. juledag. Med vind frå nord og nordvest ligg båthamnene og campingen utsett til for skade. Slik var det i går og slik var det også etter stormane DAGMAR og NINA. Uskedal Branntropp var på plassen og sikra fortøyningar og båtar i Uskedal Båtlag si båthamn.



[Ei leikehytte er sikra med bardun og lodd på Neset, eit tiltak som kan vera eit føredøme for mange.](#)

Trond Myklebust i Uskedal Båtlag oppmodar alle om å sjå over fortøyningane og båtane sine etter stormen i går. Ein uteliggjar vart knekt og er teken på land. Ein seglbåt fekk mindre skade. Magne Heggøy på Rabben Feriesenter melder på Facebook om mindre skade på nokre hytter og vogner. Det gjeld stort sett avblåst takstein og ei luke på ei vogn. Stranda og ein uteliggjar har fått hard medfart.



Ein båt ligg i stranda, men det er visst nok etter stormen NINA.

Vind med stiv kuling og liten storm frå nord tek hardt i Beinavikjo. Mindre båtar var forhaldt til båthamna. Seglbåten av katamarantypen til Christian Stensletten var godt fortoygd og sikra. Vinden tok ikkje så hardt lenger oppe i Halsane. Marta Bakke fortel etter Edit og Johannes Sunde at sterk vind frå nord i Beinavikjo tek hardt opp til kjøkkenvindauga, ikkje høgge opp. Det fortel at vindstryken er sterkast nede i strandsona.

Vermålingane til Kurt Haugland i Korsneset syner berre 18.3 sekundmeter. Det utgjer stiv kuling. Målingane, han gjer på Skåla i Rosendal, syner vindkast på over 30 sekundmeter. Målingane syner lite nedbør på 2. juledag, berre 17,6 med mot over 50 mm på veslejuleafta. Vindstyrken var med andre ord langt sterkare med stormane DAGMAR og NINA.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal